



Dette er Eikelva, som har vore ei rein og god vasskjelde for Uskedalen i meir enn eit halvt sekel. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Det privatdrivne Uskedal Vassverk har i dei 55 år det har eksistert fått vatnet frå Eikelva, men det er ikkje sikkert at det vil vera ei tilfredsstillande løysing i framtida. Auka forbruk og andre omsyn kan gjera det naudsynt å finne ei alternativ kjelde. Då kan Uskedalselva vera løysinga.

Sist vinter hende noko som fekk vassverkleiinga til å tenke framover. Det vart akutt vasskrise etter ein kombinasjon av kaldver og tørke. Hovudinntaket gjekk tomt og ein måtte ty til reserveinntaket. Hjørnevåg, som er den klårt største vassforbrukaren av dei 370 abonnentane, måtte innskrenke drifta og vassforsyninga til heile nettet måtte koblast ut eitpar netter.

Då medga vassverkleiinga med formann Hans Reidar Kjærland i spissen at ein har for lite vatn i kalde og og tørre periodar og i det minste burde sjå seg om etter ei alternativ kjelde som supplement i slike krisesituasjonar og kanskje også som ei permanent løysing på sikt.

Konklusjonen vart at vatn teke direkte frå Uskedalselva om sommaren ikkje kan nyttast. Forureininga er då for stor. Om vinteren kan vatnet nyttast etter ein reinseprosess.

- Men den mest realistiske løysinga, som vil gjera det mogleg å nytta vatnet frå Uskedalselva året rundt, vil vera at vi borer oss ned i morenelaga ved sida av elva. Dei er eit naturleg filter for vatnet. Men då må vi sjølvstøtt så langt opp i elva at vi unngår innsig av sjøvatn. Reinsinga av vatnet kan då anten skje nede ved Uskedalselva eller etter at det er pumpa opp i Eikedalen, seier Kjærland.

Men i ein første fase er det ei prioritert oppgåve for vassverket å få eit betre inntakssystem i Eikelva.

- Vi må få tak i mest mogleg av vatnet og då må vi truleg flytte hovudinntaket nedover i vassdraget, opplyser formannen.

I det siste har vassverket hatt fleire reparasjons- og oppgraderingsoppgåver. Sist laurdag måtte dei stenga vatnet til abonnentar på Eik og Steinsletten grunna reparasjonsarbeid på hovudleidninga som vart øydelagt av flaum i fjor haust.

Vassverket har og satsa 750.000 kroner på fleire viktige tiltak. Eit er naudstrømsaggregat, eit anna er ny UV-handsaming (som drep bakteriar), eit tredje montering av anlegg for datastyring og eit fjerde overgang frå lut til vannglass for reduksjon av PH-verdien (surheitsgraden).

Uskedal Vassverk var det første vassverket i Kvinnherad som for tre år sidan fekk plangodkjenning etter dei siste forskriftene for drikkevatt.

- Kvifor satsa ein ikkje på kommunalt vassverk i Uskedalen?

- Eg ser ingen fornuftige grunnar til det. Kvifor gå over til kommunalt vassverk når kommunen ikkje kan yte ei betre teneste i form av reinare vatn og i tillegg levera vatnet billigare, undrast formannen i Uskedal Vassverk. Han er tilsett på deltid for å ta seg av vassverket saman med forretningsførar Terje Myklebust. Fleire tilsette er dei ikkje.



- Dette er anlegget for UV-behandling, forklarar formann Hans Reidar Kjærland. (Foto: Ola Matti Mathisen).